

# Referat SR-ØK

Dato: 28.02.2024

Tid: 16:15 – 17:45

Stad: M52 på Adolf Øien, 2-335 Topaz og Teams

## Til stades:

Cecile Strandman (IIF), Mikkel Nergaard (HHS), Iver Stange Tveter (ISØ), Sondre Nybø Lind (ISØ), Karen Hoel Jomaas (IØT-T), Serena Manoiu (IØT-G), Daniel Oliver Johannessen (IØT-G), Matilde Brox Bordal (STi), Johanne Dobbe Flemmen (FTV), Frida Strand Løken (FTV), Andrea Felicia Bakkeheim Myhre (FTV), Kristi Bjørhusdal (FTV)

## Fråfall:

Ida Thorstensen Nilsen (IIF), Nora Næss (HHS), Amund Andreassen (IØT-T), Kristin Eggen (konsulent)

**Møteleiar:** Johanne Dobbe Flemmen

**Referent:** Kristi Bjørhusdal

## Saksliste

Møtereferat frå 31.01.2024 og møteinkalling til 28.02.2024 vart godkjend.

Gratulerer med dagen til Johanne som har bursdag!

Johanne oppsummerer planen for møtet: startar med orientering frå FTV, før ein kort bokl om seminarevaluering, orientering kring studiebarometeret, diskusjon om arbeidspraksis som eige fag, akademisk skriving, og KI i undervising.

## Runde rundt bordet:

- ISØ – jobbar med psykososial undersøking, der hovudpunkt og resultat skal visast fram, saman med tiltak som skal fokuserast på. Dette skal visast på kontaktutvalsmøte, der tilsette på instituttet og KTV-ane går. Har også fatt fastsett ei møtetid med ITV-ane på HHS, der ein skal diskutere felles kontortid.
- IØT-T – jobbar også med psykososial undersøking. Har hatt møte med Dag Håkon angåande å leggje inn ein bit KI i undersøkinga, samt med ein stipendiat for å inkludere ein del om einsemd. Planlegg gjennomføring og blesting.
- HHS – vore på møte med administrasjonen, men mest snakk om STØH-interne saker og karrieredagen. Det er eit ynskje frå administrasjonen om at karrieredagen skal bli arrangert felles med samfunnsøkonomi, eller i alle fall at ein kan ha gratis kurs på både linjer sine dagar, som er tilgjengelege for alle studentar. På skrivande tidspunkt har linjene separate dagar. Elles ynskjer ein å jobbe for informasjonsskjerm i vrimla framover.
- IØT-G – har tatt opp resultatet frå si undersøking med fagseksjonen, og skal jobbe med det vidare. Skal også ha eit ekstramøte med Anne Grethe angåande dette. Har arrangert KTV-møte, men det var svært få som møtte opp. Opplever ikkje at KTV-ane

tar det å møte opp slik at ein får snakke om ting så seriøst, og har tenkt å ta dette opp med dei.

- IIF – går greit, har ikkje noko særleg med saker akkurat no. KTV-ane er engasjerte og fornøgde, og har greit oppmøte på KTV-møter. Har vore i Studentparlamentsmøter, instituttstyremøte, og er med i prosessen kring tilsetjing av ny instituttleiar. Oppfordrar elles studentane til å søke velferdsmiddel, og har byrja med å finne kandidatar til våren sitt val.
- Matilde – er på besøk i Gjøvik med leiargruppa til Studenttinget for å møte tillitsvalteder, og sjå kva som rører seg. Studenttinget vil også jobbe med informasjonsskjermar og kioskar på alle campus. Fyrsteutkastet til campuspolitiske plattform vil bli ferdig i løpet av veka, og blir sendt ut på høyring, så det er mogleg å svare ut i løpet av dei neste par vekene.
- FTV – orientering frå FTV kjem som fyrste sak, men ein ting som ikkje dukkar opp der, er at Johanne går i campusmøter. I dag var det møte om utforming av uteområder, og ein vil byrje å grave på parkeringsplassen utanfor handels allereie i juni.

### **ØK-sak 08/24 FTV orienterer**

Saksbehandlar: Johanne

Type sak: Orientering

Tid: 5 min

Me opnar nominasjonsskjema til val den 1. april. Jobbar ein del med KI, og spesielt deklarasjonsskjema, som det er ein del forvirring rundt. Opplegget med skjema skal setjast i sving i vår, og blir litt eit prøveprosjekt for å finne ut kva som fungerer og ikkje. Inntil vidare er det tenkt på som støtte, og skal ikkje ha noko med vurderinga av arbeidet å gjere. Me har også løfta ei sak kring formelark og praksis for bruk av dette, og fått vite at dette er opp til forelesar på alle institutt. IIF og HHS har jobba litt med dette på sine respektive institutt i nokre fag. Elles har plagiakkontroll vore eit tema på dialogmøte med prorektor, og då har det blitt sagt at dette må vere ei fagleg vurdering, slik at det ikkje finnast nokon prosentgrenser for kva som blir rekna som plagiatt og ikkje.

Blir kommentert at det er svært stor forskjell på kva informasjon ein får rundt deklarasjonsskjemaet i ulike dag. I nokre fag blir berre skjema lagt ut, i andre fag får ein også eit informasjonsskriv. I UU er det blitt gjeve beskjed om at studentane skal få informasjon kring bruk av skjemaet og korleis dette nyttast, så kan gje tilbakemelding på at dette ikkje er heilt gjennomført endå. Alle faglærarar / institutt skal ha fått tilsendt både skjema og informasjonsskriv, og nokre deler alt med studentane, medan andre endrar litt på det, og dermed ikkje deler all informasjon.

Eit anna moment som blir kommentert er at studentane ikkje veit korleis ein skal nytte seg av skjemaet, og då er det lettare å berre seie ein ikkje har brukt KI. På skjemaet står det også at det kan ha innverknad på karakteren, noko som gjer ein usikker, og då vel ein fort å ikkje nytte seg av det. Dette bør også bli tatt opp i UU.

Frå Gjøvik blir det sagt at ein har fått skjemaet i eitt emne der ein har ein innlevering, men det var svært nyleg dette vart delt ut. Usikkerheit kring om det berre er for hjelp og støtte, eller om det skal påverke vurderinga. Har ikkje fått informasjon frå faglærar, men skal spørje.

Ålesund har ikkje vore borti, og det har ikkje blitt nemnd på KTV-møte. Har ikkje høyrt noko om det sjølv om ein skriv master, noko som kan indikere dårleg informasjon.

Alt i alt trengst det nok eit informasjonsmøte eller liknande, i alle fall betre informasjon, då det er mykje usikkerheit kring korleis ein skal bruke det, i kva emne det skal brukast, og om det speler inn i vurderinga eller ikkje. I EiT vart det heller ikkje brukt noko skjema, så det kan ein spør om.

### **ØK-sak 09/24 Framlegga evaluering av seminar**

Saksbehandlar: Andrea

Type sak: orientering

Tid: 5 min

FTV-ane har vore på seminarevaluering saman med IV. Har stort sett fått bra tilbakemeldingar, i alle fall på det sosialt. Når det gjeld det faglege er det mykje positivt, men har også fått beskjed om at ein kunne hatt andre casar som var meir ueiningheit rundt, slik at ein fekk meir diskusjon, og at ein kunne ha delt i mindre grupper slik at det var lettare for fleire og delta. Vidare blir det ganske repetitivt for dei som har vore med før, spesielt How To ITV, og det var spørsmål om ein kunne dele opp på denne bolken, slik at dei gamle kunne gjere noko anna. I tillegg var det nokre som ynskte meir pausar i programmet, og andre mindre pausar / daudtid.

### **ØK-sak 10/24 Studiebarometeret**

Saksbehandlar: Kristi

Type sak: Orientering og innspel

Tid: 10 min

Oppsummerer dei viktigaste punkta frå Studiebarometeret, ei nasjonal undersøking for hovudsakleg studentar i 2. og 5. klasse. Blir sendt ut kvar haust, og har som regel ein svarprosent på 40-48%. I korte trekk:

- Studentar på NTNU er like tilfreds med sitt studieprogram som andre institusjonar
- NTNU scorar betre på sosialt og fagleg læringsmiljø enn andre institusjonar
- Studentar på NTNU opplev at det er mindre læringsaktiv undervising enn på andre institusjonar
- Studentar på NTNU møter mindre førebudd til undervising enn på andre institusjonar
- Studentar på Fakultet for Økonomi på NTNU brukar nest mest KI av alle fakultet
- Studentar på NTNU har i hovudsak valt å studere her grunna godt fagleg omdømme, sosialt miljø og at det er ein attraktiv studieby

Studieprogram på Fakultet for Økonomi på topp og botn (etter kor tilferds studentane er):

- Topp
  - MIENTRE – master i entreprenørskap (T)
  - MIHMS – master i bærekrafts-, arbeidsmiljø- og sikkerhetsleiing (T)
  - MIIDS – master i industriell innovasjon og digital sikkerheit (G)
  - BØA – Bachelor i økonomi og administrasjon (G)
- Botn

- BØKLED-F – bachelor i økonomi og administrasjon, deltid (G)
- ØAMPA3 – master of public administration, samlingsbasert (T)
- 860MIB – master i internasjonal business og marknadsføring (Å)
  - Har mista svært mange internasjonale studentar som følgje av studieavgift, noko som har påverka kvalitet og miljø i ein negativ retning. Det har også vore utfordringar med enkelte undervisarar, men dette har blitt ordna. Generelt har det vore eit kull med dårlig stemning og misnøye, men håpar dette vil ta seg opp med fleire internasjonale studentar framover – sjølv om ein ikkje vil nå opp til 50% internasjonal slik ein hadde før.
- BØA – Bachelor i økonomi og administrasjon (Å)
  - Samordning har kunne vore bidragsytande i dette. Er ikkje same studentane i Ålesund som i Trondheim og Gjøvik, som har gjort BØA vanskeleg – dei same tinga fungerer ikkje her som i dei andre byane. Dette må leggjast til rette for og gjerast noko med, så oppsplitting av samordninga kan vere i positiv retning sidan det ikkje vil bli vidareført samordning slik som i dag.
- 359ML – Bachelor i marknadsføring, innovasjon og leiing (Å)
  - Har mykje felles med BØA, som kan spele inn.
- MFINØK – Master i finansiell økonomi (T)

### **ØK-sak 11/24 Diskusjon rundt arbeidspraksis som eget fag**

Saksbehandlar: Kristi

Type sak: Diskusjon

Tid: 15 min

Dei siste to åra har fjerdeklasse på integrert master samfunnsøkonomi (MSØK5), hatt moglegheit til å velje internship som valemne på haustsemesteret. Dette svarer til 15 studiepoeng, og er om lag 300 timer jobb. Det var 15 plassar, og alle vart fylt opp. I dette tilfellet har instituttet funne verksemder som tilbyr internshipstillingar, så kan studentane söke på desse. Vidare blir ein kalla inn på intervju med verksemndene, som så fordeler studentane mellom seg, alt etter kven dei ynskjer – som ein vanleg jobbsøkeprosess. Stillingane varierte mellom deltid og fulltid, der ein til dømes kunne jobbe 1-2 dagar i veka over 14 veker, eller 4 dagar i veka over ein mykje kortare periode. Dei me har snakka med opplevde at det var meir jobb enn eit vanleg emne, men mykje meir lærerikt då ein får anvendt det ein lærer på studiet i praksis, det er meir relevant, og ein får arbeidserfaring (som ein også kan setje på CV-en). Har ikkje høyrt nokon negative tilbakemeldingar, og ingen ville valt noko anna i staden for. Er dette eller eit liknande opplegg noko me ynskjer i fleire studieprogram?

I Ålesund har arbeidspraksis vore gjort i fleire år, med gode tilbakemeldingar. Dette blir praktisert både på 3. året bachelor på BØA, og på MIL. På BØA var det fakultet / institutt som skaffa verksemder, men studentane sökte sjølv. Stor interesse både frå studentane og verksemndene si side, som både opplever å få positivt utbytte. Fleire og fleire verksemder har ynskt å vere med på å tilby praksisplass. På MIL var det 3-4 stk. som hadde dette førre semester (3. semester), som var fyrste gang. Her måtte ein skaffe verksemd sjølv, men

instituttet var også tilgjengeleg for hjelp. Vuderinga vart gjort i form av innleveringar med refleksjonsnotat kring erfaring og utbytte. Samla sett har ein tre ulike typar praksis i Ålesund: prosjektbasert, «vanleg internship» (jobb i verksemd), og eventpraksis der ein jobbar mot eit event. Det blir både tilbode som 7.5- og 15-poengsemne.

Dersom det skal bli tilbode for bachelor, må ein sørge for at ein faktisk har nok grunnlag til å kunne bidra inn i verksemda og til dømes gjere dei analysene som ein treng – ein må ha eit metodisk grunnlag.

Trur dette kunne vore aktuelt fleire stadar. Er ikkje tilbod om dette på HHS, men vil tru det absolutt er interesse. Kunne også vore aktuelt for bachelor, då ein føler ein har hatt nok metode for det. Blir ikkje tilbode i Gjøvik heller, men det skal bli tatt opp med fagseksjon. På ISØ blir det ikkje tilbode for andre enn MSØK5, og trur kanskje det blir vanskeleg å gjennomføre på bachelornivå, då ein har få metodiske fag før heilt på slutten. Men, no skal oppsettet på BSØK leggjast om, så kanskje det hadde vore mogleg med det nye faglege opplegget?

På IØT-T (sivilingeniør) må ein ha 6 veker relevant praksis i løpet av studietida, og 12 veker totalt. Dette blir derimot fiksa heilt sjølv av studenten, og er ikkje studiepoenggjenvande. Ein jobbar altså heller i verksemda mot vanleg løn. Mange tar dette på sommaren, men er også ein del (15-20 stk.) som no i vår har hatt winternship i tillegg til å ta full grad. Nokre tar då ekstra emne på førehand for å kunne ha mindre å gjere i denne perioden. Tanken om tilbod av internship på indøk har vore tenkt, men det er ein tett fagplan, så har ikkje endå late seg. Trur det kunne vore interessant, men det må vere verdt det i form av studiepoeng. I tillegg må ein finne ut av om studentane faktisk ynskjer dette over eit betalt internship om sommaren. Uansett kunne ein funne ut om det var moglegheiter for at instituttet hjalp meir til med å finne verksemder, sidan det er obligatorisk internship.

Matilde som har gått Europastudiar på Dragvoll hadde 30 studiepoeng internship på master (2. semester). Dette blir også tilbode på eit par andre studieprogram på SU. Er berre positive tilbakemeldingar, då ein får relevant erfaring, testa arbeidsliv, mange får idear til master og verksemd å skrive master saman med. Synast ikkje det var for langt med eit heilt semester, var personleg i Brussel, og ein kunne i teorien vere kvar som helst. Ein fann i hovudsak stilling, sökte og reiste på intervju sjølv, men instituttet kunne hjelpe til med å finne stillingar og seie ifrå når det vart lyst ut.

På EMIL har det vore eit prøveprosjekt der ein kunne ha valt arbeidspraksis i staden for EiT, hadde dette vore moglegheit her også? Liten avsporing: hadde ein kunne lagt opp til at alle kunne tatt EiT intensivt? Og så byrja undervising etter desse vekene?

### **ØK-sak 12/24 Diskusjon om akademisk skriving**

Saksbehandlar: Johanne

Type sak: Diskusjon

Tid: 15 min

Lærer me nok akademisk skriving, og får me nok ressursar og oppfølging på dette feltet før bachelor-/masterskrivinga startar? Ynskje ein ei endring i dette eller er det greitt slik det er i dag?

På ISØ er det svært lite trening i akademisk skriving. Har heller ikkje obligatorisk bacheloroppgåve, noko som gjer at ein potensielt kan gå gjennom bacheloren utan å skrive ein anna akademisk tekst enn exphil i 4. eller 6. semester (som for mange er den fyrste gangen ein fører kjelder ila studieløpet). Bachelor er det også gjerne dei som i utgangspunktet er flinke til å skrive og gode på skulen som vel, slik at dei som treng det mest, ikkje får skrivetrening. Når ein då kjem på master har ein lite grunnlag for å faktisk kunne skrive. Studieprogrammet har eit par heimeeksamenar, der forelesar har ein bestemt måte det blir ynskt at ein skriv på, men det finnast det lite informasjon rundt. Ein må ofte finne ut av dette sjølv ved å spørje studentassistent eller tidlegare elevar.

På HHS er det mange skrivefag, og spesielt dersom ein fordjupar seg innan ei bestemt retning. Ein har derimot lite gjennomgang av korleis ein skal byggje opp ein tekst og liknande. ITV har studert andre på andre studieprogram før, der ein har lært mykje meir om dette. På HF/SU hadde ein skrivestover, kurs, gjennomgang i forelesing og anna materiale for å lære å skrive akademisk.

IIF har ein tidleg indoktrinering av akademisk skriving. Allereie fyrste semester lærer ein seg Harvard-referanse, og ein får gjennomgang av oppbygninga til oppgåver i så godt som alle fag, noko som fortset på masternivå. Skal høyre korleis bachelor-studentane opplev dette no, men har inntil vidare ikkje høyrt noko om det. Gjennomgang av struktur og liknande har blitt gjort i samband med arbeidskrav, det har blitt tatt opp i forelesing og lagt ut materiale på blackboard. Sjølv om det har blitt gjort jamt over heile linja har det vore opp til kvar enkelt forelesar, noko som kan gjøre det litt vanskeleg å eventuelt samle og distribuere dette materialet og kunnskapen.

IØT-G har ikkje så mykje kjeldeføring eller liknande i sine emner, noko som også blir oppfatta som overraskande for nokon som har studert HUMSAM-fag før og hatt det inkludert i emnene. Støtta ein får er ofte «sjå på den nettsida her» eller «kjøp den boka her dersom du ynskjer», det vil altså seie at ein må lære seg sjølv. Synast ein burde fått betre opplæring i akademisk skriving på på BØA, blant anna meir informasjon frå forelesar. Viktig å påpeike at behovet varierer mellom studieprogram og emne – i meir praktiske fag er det kanskje ikke like relevant.

På IØT-T blir ein hen vist til kjeldekompasset eller NTNU sine kjeldesider når det gjeld kjelder, og opplev at dette fungerer bra. Har ein del innleveringer og gruppeoppgåver der strukturen blir gjeve ut frå vurderingskriteria, noko som kanskje gjev eit mindre behov for gjennomgang av dette. Likevel er kanskje dette også knytt til at ein får materiale frå tidlegare studentar, slik at ein ikkje står på bar bakke, i tillegg til å nytte seg av google. Opplev at det er ei forventing om at ein kan å skrive akademisk, utan å få noko hint eller hjelp frå forelesar om det. Er også eit spørsmål knytt til kor mykje dei som rettar bryr seg om kjeldeføring og liknande? Ofte leverer ein oppgåver utan å få noko kommentar på struktur / kjeldeføring /skrivinga, noko som gjer at ein ikkje lærer det noko betre.

Innføring i akademisk skriving er nok svært avhengig av studieprogram og kva fag ein vel, men i mange tilfelle er det nok eit ynskje om litt meir informasjon om det. Faglærar vil ha ulike krav, og studentane vil nok då setje pris på at hen gjennomgår kriteria, kontra eit heilt

generelt kurs i skriveføring. Kjeldeføring er lettare å lære seg sjølv, men struktur og framleggjing burde det kanskje vere meir fokus på – fagspesifikt.

Kan ta opp i UU og spørje om det finnast retningslinjer eller materiell frå Ålesund som ein kan implementere på andre linjer.

### **ØK-sak 13/24 KI – Korleis ta i bruk og utnytte KI i undervisning?**

Saksbehandlar: Frida

Type sak: Diskusjon

Tid: 15 min

Bruk i undervisning og generelle bruksområde for KI. Korleis skape best mogleg undervising og korleis ynskjer me at dette skal implementerast? Undervisarane og leiinga er i bunn og grunn ganske blanke på det tidspunktet her, så det er gode mogelegheiter for å påverke utviklinga.

Eit døme frå marin teknikk, er at forelesar i forelesing viste korleis ein kunne feilsøke kode ved bruk av chat-gpt. Ein hadde også undervisings- / øvingsopplegg som gjekk ut på å lage eigen kode, for så å generere same kode ved hjelp av KI, og samanlikne desse to. Då kunne ein sjå fordeler og ulemper ved generert kode, og lærte meir om korleis ein kunne utnytte det best mogeleg.

I Gjøvik har det ikkje vore brukt KI i nokon fag, verken i undervisingsopplegg eller øvingsopplegg. Det same gjeld på ISØ. Opplev at forelesar har lite kunnskap, og ikkje tar omsyn til at KI faktisk er eit verktøy som er i bruk og kjem til å bli brukt i framtida.

På IIF har ein blitt tilrådd å bruke chat-gpt til å uforme spørjeskjema i eitt emne. Det er nok ikkje tatt heilt i bruk elles, men ein har blitt oppfordra av forelesarar til å lære seg det – men usikker på om dette er sett i eit system, eller om det er forelesarane sjølv som tar initiativ. Når det kjem til opplæring i bruk av KI kan dette også knytast opp mot kjeldekritikk og akademisk skriving. Ein kan ikkje stole på alt språkmodellar som chat-gpt produserer, då desse trass alt ikkje veit alt og ikkje har same logiske forståing som oss. Å nytte seg av dette til akademisk skriving kan difor gå feil, noko som er eit argument for å lære akademisk skriving gjennom studiet, samt å lære seg å nytte KI som eit godt verktøy.

Alle synast det er viktig at forelesarar omfamnar kontra strittar imot KI, og godtar at dette er ein bra ting. Det blir allereie brukt i arbeidslivet, og som arbeidstakrar i framtida må me også lære det. Det kunne gjerne blitt vist i forelesing korleis ein på ein god måte nyttar seg av KI i den spesifikke faget, sidan bruksområdene er svært ulike. To studentar kan bruke KI i same fag, og ha ei heilt ulik oppleveling av om det fungerer eller gjev rett svar. Opplæring i korleis å gje kommandoar og formulere desse hadde difor vore svært nyttig.

Viktigheit av opplæring kan også bli sett i samband med fusk, då forelesar kan ta ein gjennomgang på kva som er godkjend bruk i emnet og ikkje.

Har forståing rundt at dette er vanskeleg for forelesarar også, som kanskje til og med har mindre kunnskap enn studentane, så også KI-kurs for forelesarar burde bli tilbode. Dette blir jobba med sentralt i UU.

I AU er det Aksel (fagpolitisk ansvarleg) som jobbar med dette, så han kan eventuelt inviterast til eit seinare studentrådsmøte.

### **Eventuelt [5 minutt]**

### **Møteevaluering [5 minutt]**

Bra møte, mykje gode og interessante diskusjonar der dei aller fleste kom med innspel. Kritikk retta mot at møteinnkalling ikkje vart sendt ut, noko som blir tatt til etterretning og skal vere på plass til neste gang.

### **Diggerunde [5 minutt]**